

Referat foreldremøte 3.trinn, 13.09.2023.

Helsesjukepleiar Malin har ansvar for 3. og 4. trinn på Storebø skule. I løpet av 3.trinn skal alle elevane målast og vegast. Dei sender ut eit skriv på førehand, Malin kan få beskjed på førehand om nokon vegrar seg for å gjere det i skuletida eller utan føresette tilstades. Kan gjere eigne avtaler.

Malin fortel og kva som skjer på dei andre trinna, der helsesjukepleiar er inne i skuletida. Dei følgjer helsedirektoratet sine retningslinjer om vekt og høgde. Fortel det kan vera mange grunnar til at ungane er under/overvektige. Tett sammarbeid med legar osv. om det skulle vera nødvendig.

Anbefalar www.kostverktoyet.no.

Malin er på skulen tysdagar frå 9-12, elles på telefon 95852830 eller mail malin.vassnes@austevoll.kommune.no

Oppstart 3.trinn

Skule og klassemiljø, sosialt.

Arnhild presenterer seg, ny lærar for 3C. Jobba mykje med relasjonar for å trygga elevane og bli kjent med dei. Alle klassane har jobba med vennskap, inkludering, alle skal ha nokon å vera med på skulen, øver på å lytta til kvarandre. Stort sett i ballbingen det skjer ting, prøver å alltid ha ein vakt der.

Startar i brannrekke, faste plassar. Lærarane møter dei med namn og kjekt å sjå deg. Dei jobbar med arbeidsro, klassereglar og å halda orden.

!! Det er eit ynskje at alle har med seg pennal med blyant, fargeblyantar og viskelær. Leikar og andre ting som hører til heime kan godt vera heime og ikkje med på skulen.

Lese og skriveopplæringa på 3.trinn

Jo meir lesing jo betre. Anbefalar 20 minutt om dagen. Kjempeviktig å lesa til barnet kvar dag eller at dei får lesa sjølv. Eleven vil få betre leseforståing, ordforråd. Leseflyt og lesefart må opp. Saltos lure leseknepp nyttar me ofte. Nærmar seg kartleggingsprøvar. Dei skal gjennomførast i veke 40, 41 og 43.

Høgfrekvente ord går ofte igjen på diktaten. Dei held på med eigenvurdering av seg sjølv.

- Har eg stor bokstav når eg byrjar?
- Avsluttar eg med punktum?

Dette er to av punkta dei nyttar i eigenvurderinga. Stor bokstav og punktum skal vera inne no.

Held på med rett tegnsetjing, høgd på bokstavane. Bruk hjelpelista heime også, dei får den med i sekken. Viktig med mellomrom mellom orda.

Verkstadpedagogikken held fram med grupper på tvers av klassane. Det blir onsdagane. Når elevane har vore på tur, teiknar dei og skriv kva dei har gjort så presenterer dei det for klassen. Plan for leseopplæringa, skal få sjå nærmare på utviklingssamtala. Ruth les litt av den opp. Får mykje igjen av det i verkstaden dei held på med. Bruk av ord er eit stikkord. Skriveglede er viktig, og tekstskapning.

Vekeplanen blir lagt ut på heimesida til skulen. I forhold til leksjer er det ganske likt som i fjor, nokre er usikker på nivå. Lærarane ordnar det. Det blir nevnt at det kan vera meir fleksible planar slik at barnet får gjort leksene til gitt dag. Kontakt kontaktlærar om det er noko, eller om ein ynskjer tilpassing. Normen er leksjer i 30 minutt.

Meldingar i visma

Gode på å sende melding i visma, om dei er sjuke eller ikkje kjem. Dersom Blir eleven etterlyst. Meldingar om endringar skal meldast før kl 8.00 på morgonen .Dersom dei er seine og ikkje veit kor dei kjem seg inn, kan dei gå til Anette på kontoret, elles kjem lærarane- assistent å ser etter dei.

Fråversmelding kjem når barnet har vore vekke etter 5 dagar. Rutinar på å ringa heim etter mykje fråver. Dette er forebyggande. Lærarane har fått beskjed om å legga inn forseintkommingar. Skulen har ein plan på dette.

Matpakke

Eit ønske om at dei har med seg skei eller kniv dersom dei har yoghurt eller smørepålegg med seg. Mat før lillefri og storefri. Prøva å få i ungane frokost, mange er svultne 8.30. Det står ein forventning om at alle elevane et frokost før dei kjem på skulen. Dei får god tid til mat i pause. Dei får sjå film når dei har bursdag, då er det bursdagsbarnet som får velja. Innspel om at kanskje Malin (helsejukepleiar) kan ha eit innlegg om kva mat gjer med kroppen. Dei fleste er flinke. Boktips om «sukkerkok i hodet» skrive av Berit Nordstrand. Kanskje fokus på matsvinn, som at t.d. restane av eplebitane kan me ha på yoghurten til kvelds. Lærarane seier at dei egentlig ikkje skal kasta mat i bosset, slik at me heime kan sjå kor mykje dei har ete på skulen. Hugse og å gå på toalettet før ein kjemm til skulen.

Symjing og kroppsøving

6-vekersbolkar. Heile gjengen på symjing no. Går fint i garderobe, er få vaksne i guttegarderoben så der er lydnivået høgt. Delt i grupper, nokon i varmt og nokon i stort basseng. Delt litt etter nivå. Dersom dei gløymer badeklede må dei gå tur. Øver på å symja litt lenger distansar. Kjekt med symjing!

Betaling for bussen

Nokon bussjåførar er strenge, så dei som skal på ffo må ha 20-kronaren klar så dei får betala for seg.

Håkon og nettvett

Håkon jobbar som ungdomslos i kommunen og er pappa til ein krabat på 3.trinn, og har eit hjartesukk angåande dette.

Fint med ei samtale om nettvett og sosiale media. Ungdom seier at me må hjelpe dei for dei klarar det ikkje sjølv. Aldersgrensa er 13 år. Ungane treng tydlege grenser også her, tør å seie nei. Ungane lurer seg unna, men foreldre må ta tak.

Elevar som går/syklar til skulen

Me har nokre farlege vegar med vegarbeid og anna, ver obs og ta på refleks når mørket kjem. Borna er. Når barn bør gå aleine til og frå skulen, avhenger både av skulevegen og barnas modenhet. Før borna går aeline, bør dei øve på skulevegen. <https://www.tryggtrafikk.no/sykle/>

Foreldrekontakte:

3A: Anna

3B: Agnete

3C: Ingrid

Vara:

3A: Vibece

3B: Janne

3C: Linda

Treng ny vara i 3C. Linda tek ein ringjerunde og høyrer kven som kan vere.

Sosial kveld med 3.trinn,

Forslag om veke 43 eller 44. Me lagar ei måling på facebook.

- Halloweenfest?
- Skummeltur til Austevollshella, hjå Agnetha?